


# RETNINGSLINER FOR SØKNAD OM ENDRING

## AV KOMMUNALE AVGIFTER



## I VALLE KOMMUNE 2016

## Innhold

1. FEIING/TILSYN DER BYGNING ER OPPFØRT/REGISTRERT SOM HYTTE/FRITIDSHUS:.....	3
2. FEIING/TILSYN DER BYGNING ER OPPFØRT/REGISTRERT SOM VÅNINGSHUS/BUSTADHUS OG VERT NYTTA SOM FRITIDSHUS .....	3
3. KOMMUNALT VATN/KLOAKK:.....	3
4. SLAMTØMING:.....	3
5. RENOVASJON:.....	4
6. FRITAK.....	4
7. DIFFERENSIERING .....	4
8. GENERELT: .....	4

## **1. FEIING/TILSYN DER BYGNING ER OPPFØRT/REGISTRERT SOM HYTTE/FRITIDSHUS**

I utgangspunktet er det ikkje krav om feiing på bygning som er bygd og registrert som hytte/fritidshus. Derimot høgstandardhytter (innlagt vatn/kloakk) er omfatta av eiga forskrift fatta i kommunestyret, godkjent 30.05.2007, sak 31/07. Desse fakturerer Setesdal Brannvesen.

1. Kommunestyret vedtek med heimel i "Lov om vern mot brann, eksplosjon og liknande", §13 femte ledd å innføre lokal forskrift der Setesdal Brannvesen IKS kan gjennomføre tilsyn med fritidsbustader minimum kvart 4.år.
2. Kommunestyret vedtek med heimel i "Forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn" §7-3 å innføre lokal forskrift der Setesdal Brannvesen IKS kan gjennomfør feiing av fritidsbustader minimum kvart 4.år.
3. Kommunestyret vedtek med heimel i "Lov om vern mot brann, eksplosjon og liknande" §28 å fastsette eit gebyr på faktisk utført arbeid på kr. 350,- eks mva pr. pipeløp/bueining. Gebyret vert regulert lik andre offentlege avgifter i samband med budsjetthandsaminga.
4. Forskrifta gjeld berre dei bueiningar som er tilkopla vatn og avløp, anten offentleg eller private anlegg. Forskrifta vil også gjelde nye prosjekt i same kategori.
5. Setesdal Brannvesen IKS får fullmakt til å fastsette frekvens på tilsyn og feiing etter behov innanfor ein 4. års periode.
6. Forskrifta skal gjelde frå 1. august 2007.

## **2. FEIING/TILSYN DER BYGNING ER OPPFØRT/REGISTRERT SOM VÅNINGSHUS/BUSTADHUS OG VERT NYTTA SOM FRITIDSHUS**

Har bygninga hytte/fritidsrenovasjon, vert den rekna som "høgstandardhytte" jfr. lokal forskrift, uavhengig om bueininga er tilkopla vatn og avløp, offentleg eller private anlegg. Setesdal Brannvesen administrerer denne ordninga, inklusiv fakturering.

## **3. KOMMUNALT VATN/KLOAKK**

Ein kan få fritak ved plombering, eller fysisk fråkopling.

## **4. SLAMTØMING**

Der våningshus, bustadhus vert nytta som fritidsbustad, er det slamtøming kvart 4. år, slik som for hytte/fritidsbustad.

Det vert gjeve fritak frå slamtøming, der vassinntaket er fysisk plombert og kopla ifrå.

## 5. RENOVASJON

- Støylsbuer og næringsbygg er ikkje omfatta av renovasjonsordninga.
- Gardsbruk med buplikt: Får ikkje fritak/ending av renovasjon. Dei må ha vanleg hushaldningsrenovasjon.
- Gardsbruk med utsatt buplikt: Kan søkje om hytterrenovasjon, men ikkje fritak i perioden med utsatt buplikt. Avgifta vert automatisk lagt inn i avgiftsregisteret, når perioden er over.
- På gardsbruk, med fleire våningshus kan ein søkje om felles renovasjon, sjølv om det eine våningshuset vert nytta som fritidsbustad.
- Gardsbruk/bustader som vert nytta som fritidshus, kan etter søknad få hytterrenovasjon Dette gjeld ikkje i regulerte bustadfelt.

## 6. FRITAK

Ein kan få fritak frå renovasjon når:

- Bygning er å betrakte som kondemnert/ubueleg etter dagens standard.
- Eigar er busett på institusjon og bygning ikkje vert nytta av andre.
- Ei bygning som vert nytta som utleige, kan søkje om fritak, når bustaden har stått tom i minimum 6 mnd. (Dette gjeld bare renovasjon). Det vert gjeve fritak inntil 2 år av gonga. Avgifta vert automatisk lagt inn i avgiftsregisteret, når fritaksperioden er over.
- Bygning ligg meir enn 1 km i luftlinje frå biloppstillingsplass sommarstid.

Ved søknad om fritak grunna bygning er å betrakte som kondemnert/ubebueleg, må det sendast inn dokumentasjon i form av bilete, eller ein må på synfaring.

## 7. DIFFERENSIERING

- Naboar kan søke om fellesabonnement med andre dersom det er praktisk gjennomførbart og at mengde avfall og avstanden mellom husstandane ikkje er for stor.
- Når ein eigedom skifter eigar, må ny eigar søkje på nytt.

## 8. GENERELT

Det er huseigar sitt ansvar å gjeve melding til kommunen, ved ending i bruk av bygning.

I fritak som gjeld hushaldningsrenovasjon er det huseigar sitt ansvar å tinge dunkar frå kommunen att, når fritaksperioden er over.

Det vert ikkje gjeve fritak eller ending på kommunale avgifter, med tilbakeverkande kraft. Det er søknadstidspunktet som gjeld.